



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313
Gry Walle, 5557 2332

Fylkesmannen rår frå utbygging etter nye planar for Grøndalselva kraftverk i Odda kommune

Fylkesmannen rår i frå utbygging av Grøndalselva kraftverk i tråd med reviderte planar. Desse er meir omfattande og vil føre til vesentlege endringar i vassføringa. Omsynet til landskap, friluftsliv og samla belastning på vassdragsnatur og sårbart høgfjell må vurderast på nytt, også på bakgrunn av tida som har gått sidan Olje- og energidepartementet ga konsesjon i saka.

Fylkesmannen viser til søknad frå Grøndalselva Kraft AS om endringar i utbyggingsprosjektet for Grøndalselva kraftverk i Odda. Saka er på avgrensa høyring.

Konsesjonssøknaden for Grøndalselva kraftverk var på høyring i 2007, og Olje- og energidepartementet (OED) ga konsesjon til prosjektet i 2013. Det var lagt opp til ein årleg produksjon på 8,7 GWh, med ei slukeevne på 3,2 m³/s i kraftverket. Eit viktig vilkår for konsesjonen var pålegg om minstevassføring på 100 l/s i perioden 1. mai til 30. september, og 50 l/s resten av året. Vidare er det krav om å minimalisere varige inngrep, med nedgrave røyrgate og borehol siste del inn til inntaket, som skal vere veglaust. Mellombels veg langs røyrkata skal fjernast.

Utbygging av kraftverket har vore utsett grunna manglande nettkapasitet i området. Odda Energi og Statnett opplysningar no at det vil vere tilstrekkeleg kapasitet i nettet frå 2021. Utbyggjar har gjennomført ny teknisk og økonomisk vurdering av prosjektet og kome til at utbygginga ikkje kan realiserast med gjeldande konsesjonsvilkår. Bakgrunnen for endringssøknaden er å få lønsemd i prosjektet.

Endringssøknaden omfattar følgjande:

- Redusere driftsvassføring frå 1120 l/s ned til 50 l/s ved å installere ein ekstra turbin. Produksjonen vil auke med om lag 2,3 GWh.
- Auka maks slukeevne frå 3,3 m³/s opp til 4,4 m³/s ved å auke røyr diameter i anlegget. Produksjonen vil auke med 1,3 GWh.



- Endre trase for røyrgate, og grave den ned heile strekket frå inntak til kraftstasjon. Ein vil med dette sleppe kostnader ved borehol.

Utbyggjar meiner at endringane i hovudsak vil ha konsekvensar for dynamikken i elva. Det blir færre dagar med overløp, og vesentlege fleira dagar med minstevassføring gjennom året, både i flaumperiodar og i periodar med låg til middels låg vassføring.

Utbyggjar viser til at dette mellom anna vil påverke planteliv, insekt og botndyr i og langs elva. Dei foreslår hekkedammer for fossefall som avbøtande tiltak.

Ny røyrгатetrase vil vere på om lag 1275 meter, mot konsesjonsgitt trase på 1180 meter. Mellombels anleggsveg må først heilt fram til inntaket. Røyrгата vil følgje elva i større grad, og vil gå i sidebratt terreng nær elvekløfta om lag 400 meter. Her blir det ein skjering på 1-2 meter i 100 meters lengde. Landskapsinngrepet vil ein skjule mest mogleg ved å legge vekstjorda tilbake. Arealbruken knytt til både mellombels anlegg og permanent areal vil auke.

Søker viser til at anlegget vil kome utanfor naturlege ferdselsårar i Grøndalen, og at stiar som er nytta i samband med friluftsliv vil bli urørt. Eit myrområde aust for inntaket vil bli spart som følgje av planendringane. Søker meiner at konsekvensar for villreinen ikkje vil bli nemneverdig endra. Konsekvensar for temaet «inngrep i høgfjellsområdet» er ut frå dette sett til *liten – middel liten konsekvens* i høve til konsesjonsgitt løysing.

Grunnlag for gjeldande konsesjon

Fylkesmannen i Hordaland gjekk i si tid i mot utbygginga av vassdraget, ut frå samla belastning på vassdragsnaturen i Røldalsområdet. NVE og OED meinte likevel at konsekvensane for landskap og friluftsliv var akseptable med gitte vilkår, jf. NVE si innstilling til OED:

«En tilstrekkelig minstevannføring vil etter vårt syn kunne bidra til å opprettholde elva som et lokalt landskapselement.»

«Sammen med avbøtende tiltak som blant annet slipp av minstevannføring, nedgravd rørgate, tunnel, veiløs etablering av inntak, tilbakeføring av anleggsveien for øvrig og med god planlegging, kan konsekvensene reduseres i en slik grad at NVE mener virkningen for allmenne og private interesser er akseptable».

Fylkesmannen sine merknader

Endringar i utbyggingsplanane vil etter Fylkesmannens oppfatning føre til at Grøndalselva mister mykje av sin karakter. Utbygging i tråd med gjeldande konsesjon ville sikra mange dagar med overløp, medan nye planar med auka driftsvassføring og slukeevne gir langt fleire dagar med lite vassføring i elva. Med endra planar for utbygging vil vassdraget i praksis få jamn og låg vassføring gjennom året.

Fylkesmannen vurderer planendringane som negativ for landskap og opplevingsverdi i området, også om det ikkje går turstiar i sjølv bekkekløfta. Reelle verknader på urørt natur må vektleggast, ikkje minst fordi det gjeld sårbart høgfjellslandskap. Inngrepet i elvekløfta er omtala i søknaden, men ikkje visualisert. Konsekvensane for landskap vil ein i praksis sjå først i MTA-plan eller ved gjennomføring av tiltaket.

Samla sett meiner vi at planlagde endringar i utbygging av Grøndalselva er store. Vi vil særleg peike på at nye utbyggingsplanar vil føre til vesentlege endringar i vassføringa. Det kan vere uheldig at NVE opnar for avgrensa høyring av endringssøknader i denne type saker. Dette gjeld også om det ikkje er store verknader for fisk eller anna biologisk mangfald i elva.



Etter Fylkesmannen sin oppfatning må NVE vurdere heilskapen for biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og samla belastning på vassdragsnaturen i området på nytt. Dette er nødvendig, ikkje minst på bakgrunn av den lange tida som er gått sidan konsesjonssøknaden var på høyring og OED gjorde vedtak i saka.

Fylkesmannen vil rå i frå at Grøndalselva kraft AS får konsesjon til endra utbyggingsplanar.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA